



Aurland kommune

Rådmannen

Aurland, 24.02.2009

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.
08/1350-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Hallgeir Høydal, 57 63 29 66

Arkiv
K2-G10, K3-&17

Uttale frå Aurland kommune - om fylkeskommunen sine oppgåver i folkehelsearbeidet.

Bakgrunn:

Stortingsmelding nr. 16(2002 – 2003) ” Resept for et sunnere Norge” peikar på og understrekar at det er naudsynt med ei auka satsing på den generelle folkehelsa i Noreg dei komande åra.

Stortingsmeldinga peikar vidare på det som bør vera samfunnet sin totale innsats og engasjement for å halda oppe og vidareutvikle eit samfunn som legg avgjerande vekt på ei allmenn god folkehelse. Det vert peikt på og som kjem til syne gjennom nytt lovforslag at det offentlege har eit naturleg og stort ansvar for folkehelsearbeidet, samstundes legg ein og stor vekt på det enkelte individ sitt ansvar for eiga helse. Framtidig satsing på folkehelse har mellom anna stort fokus på å få til ei medviten haldning, slik at den enkelte i større grad tek ansvar, er medverkande, og handlar til beste for eiga helse.

Regjeringa si målsetjing er eit nasjonalt partnerskap på både organisatorisk, koordinerande og utøvande nivå. Partnerskapen skal samordne framtidig satsing på folkehelsearbeidet. Arbeidet skal vere tverrorganisatorisk mellom ulike offentlege nivå, lag og organisasjonar og den enkelte innbyggjar.

Arbeidet i kommunane skal vera tverrsektorielt og skal forankrast i overordna kommuneplanar.

Uttale frå Aurland kommune:

Aurland kommune er nøgd med at regjeringa legg til rette for ei auka satsing på folkehelsearbeidet generelt. Dette set fokus på eit stort og viktig tema som rører ved kvar enkelt innbyggjar. Dei seinare tiåra har ein fått eit resultat av samfunnsendringane som må gjerast noko med, for mange menneske har plager relatert til livsstil vorte ein kamp med daglege utfordringar både fysisk og psykisk. Helseskilnadar med utgangspunkt i kjønn, sosiale lag , etniske grupper og geografiske områder er høvesvis store og truleg aukande. Til å endre på dette bilete treng ein målretta og samordna samarbeid om kunnskap, tiltak og handling. Den enkelte kommune har ansvaret for folkehelsearbeidet generelt i kommunen, jf m.a kommunelova, som viser til plikt i medhald av andre lover.

Kommunane sitt ansvar for folkehelsearbeidet er heimla i kommunehelsetenestelova jf. § 1-2.”(Helsetjenestens formål)

Kommunen skal ved sin helsetjeneste fremme folkehelse og trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, og søke å forebygge og behandle sykdom, skade eller lyte. Den skal spre opplysning om og øke interessen for hva den enkelte selv og almenheten kan gjøre for å fremme sin egen trivsel og sunnhet og folkehelsen.”

Ser ein vidare i lova finn ein ikkje at lova omtalar tilhøve som går ut over spesifikke helsetenester. Med den breie definisjon av omgrepet folkehelsearbeid som vert lagt til grunn i stortingsmeldinga og som har betydning for den reelle og opplevde helsa til kvar enkelt, trengs det ei lovending i lov om kommunehelsetenester eller heimling i anna lov. Det som truleg ville vera den beste løysinga er å legge folkehelse inn som lovfesta eige forvaltningsområde og med overordna paragrafar i ulike lover som regulerar tilhøve som er direkte medverkande til god folkehelse. Samstundes må ein stille seg det grunnleggjande spørsmålet om ikkje folkehelse bør ha ein stor og tydeleg plass i all samfunnsplanlegging. Det vert stadig peika på at god helse til alle er avgjerande for vidareutvikling av velferdssamfunnet, og at dette må vera reelt for alle i samfunnet. Ut frå dette perspektivet bør det vurderast å lovregulera folkehelse på overordna nivå i all samfunnsplanlegging. Ein kan bli freista til å meine at den same lovteksten som skal gjelde fylkeskommunen også må tilpassast til kommunalt nivå frå same tidspunkt.

Aurland kommune vil tross i at ein har mange utfordringar knytt til folkehelsearbeidet peike på at det går føre seg mykje godt arbeid som kan relaterast til folkehelsearbeid og som har betydning for det enkelte menneske og samfunnet.

Sett i lys av at den enkelte kommune har eit lovfesta ansvar for deler av det som ligg i den breie definisjon av folkehelsearbeid, har det vore lite tenleg at fylkeskommunen ikkje tidlegare har hatt ei lovheimla plikt på dette området.

Aurland kommune ser det som eit steg i rett retning at fylkeskommunen får eit lovheimla folkehelseansvar, og med det får høve til å prioritere arbeidet på ein langsiktig og føreseieleg måte. Venteleg vil dette gjere sitt til at folkehelsearbeidet vert mindre basert på prosjektorganisering og tidsavgrensing. Skal ein likevel få samla effekt av folkehelsearbeidet med systematikk, kontinuitet og langsiktig tenking må ein også i større grad gjere dette pliktig i den enkelte kommune ut over helsetenestene. Dersom ein ikkje gjer det vil arbeidet bli prega av adhocløysingar, små stillingar, nedprioritering av oppgåver, lite tverrsektoriell tenking. Det vil også kvile på den enkelte koordinator sine mogelegheiter til å setje folkehelse på dagsorden.

Aurland kommune vil peike på at frivillige lag og organisasjonar til dagleg utfører mykje godt folkehelsearbeid. Folkehelsearbeid kan ikkje gjennomførast utan dette mangfaldet av organisasjonar som kvar for seg representerar ein bit i det store heile. Dette er viktig at alle nivå i den offentlege forvaltninga er merksam på og inkluderar dei gjennom å etablere partnerskapsavtalar med dei organisasjonane som ynskjer det. Kanskje bør tildeling av offentlege midlar til lag og organisasjonar i sterkare grad styrast gjennom partnerskapsavtalar.

Aurland kommune meiner at skal folkehelsearbeid ha langsiktige og føreseielege kår framover, må ein ikkje legge om frå øymerka midlar til råmeløyvingar etter 2010. Ein bør i staden halde fram med øymerka løyvingar og arbeida fram ein plan for å trappe opp og styrke innsatsen på området. Det ein kan frykte er at dei økonomiske ressursane til folkehelsearbeid etter kvart vert nedprioritert og tapar i kampen om ressursane i høve andre oppgåver. Det ville gje heilt feil signal å la tilskotet bli ein del av råmeløyvingane i kommunane og fylkeskommunane når ein skal prøve å endre strategi, metodikk og utvide i omgrepet folkehelsearbeid. Dette vil bli særleg lite tenleg når ein ikkje gjer noko med

lovheimlinga til kommunane som enno ei tid skal vere som før. Fokuset på folkehelsearbeidet kan lett bli borte.

Kommunen sitt ansvar for folkehelse er definert i kommunehelsetenestelova. høyringsdokumentet og stortingsmeldinga peikar begge på kor viktig det er med tverrorganisatorisk og tverrsektorielt samarbeid, tiltak og handling. Kommunane og andre organisasjonar treng tid til å endre og implementere nye måtar å arbeide på i tråd med intensjonane i ovannemde dokument.

Aurland kommune

1. Er samd i at det vil vera positivt for folkehelsearbeidet at fylkeskommunane får eit lovheimla ansvar for dette.
2. Meinat at med den breie definisjon som folkehelsearbeidet har fått, høver det godt saman med fylkeskommunen sitt ansvar som regional utviklingsaktør.
3. Meinat at det må vera samsvar med oppgåver, stillingar og økonomi, med ny lovheimling er det behov for nye ressursar i fylkeskommunane og kommunane.
4. Meinat at folkehelsemidlane framleis også etter 2010 skal kome som øyremerka løyvingar og ikkje leggjast inn i råmeløyvingane til fylkeskommunane og kommunane.
5. Meinat at ansvaret for folkehelsearbeidet framleis bør ligge hos fylkeskommunane slik som i dag. At ein fram til eventuell lovendring om kommunalt ansvar for folkehelsearbeid utover det som er heimla i kommunehelsetenestelova fordelar midlar til kommunane gjennom partnerskapsavtalar.
6. Meinat at folkehelsearbeidet i framtida ikkje berre kan heimlast i kommunehelsetenestelova, men i samsvar med intensjonane i høyringsnotatet og stortingsmeldinga vert regulert i eiga lov der alle forvaltningsnivå får presisert sitt ansvar for folkehelsa.
7. Meinat at høyringsnotatet ikkje femner om og tek med seg at det allereie går føre seg ein stor folkehelseaktivitet i alle kommunar og fylkeskommunar. Vidare at frivillige lag og organisasjonar må få ein tydeleg plass i framtidig folkehelsearbeid, dette fordi det er her mykje av "folkehelsearbeidet" vert generert.

Med helsing

Hallgeir Høydal
folkehelsekoordinator
etter fullmakt.